



V VÅR REF.
06/1385-3 sln
Ark.
Bf-260

VÅR DATO

2 5 SEPT 2006

DES

Anne-Margrethe Konow Lund
Kleiven 10
5152 BØNES

GJENPART

VEDTAK OM FREDING

SOPHIES MINDE, KLEIVEN 10, GNR. 19 BNR. 6 OG 16, BERGEN KOMMUNE
MED HEIMEL I LOV OM KULTURMINNE § 19 JF. §22.

Vi viser til fredingsframlegg for Sophies Minde, Kleiven 10, datert 20. des. 2004, som har vore på høyring hjå alle vedkomande partar og instansar. På grunnlag av dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

VEDTAK:

Med heimel i Lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 § 19, jf. § 22, fredar Riksantikvaren eigedomen Sophies Minde, Kleiven 10, gnr. 19, bnr. 6 og 16, Bergen kommune.

Omfanget og verknaden av fredinga

Fredinga etter §19 omfattar hageanlegget til Sophies Minde innafor gjeldande eigedomsgrense.

Fredinga omfattar òg eksteriøret til tre ståande bygningar:

- uthus, "Kjellerloftet", gab-nr. 139824504
- vaskehus, gab-nr. 13943664
- potetkjellar/jordkjellar, utan gab-nr.

Fredinga medfører forbod mot frådeling og bortfeste av eigedomen, mot landskapsmessige inngrep i fredingsområdet, samt mot riving av dei ståande uthusa og fasademessige inngrep i desse som går ut over vanleg vedlikehald.


Omfanget av fredinga er avmerkt på kartet på neste side.

Riksantikvaren

Dronningens gate 13

Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo

Telefon: 22 94 04 00 Telefaks: 22 94 04 04 E-post: riksantikvaren@ra.no



Føremålet med fredinga

Eigedomen er eit "lyststed" med hovudbygning frå 1810 (gab-nr 139417526). Denne er allereie freda etter bygningsfredingslova av 1920.

Føremålet med områdefredinga er å bevare verknaden av hovudbygningen i miljøet gjennom å sikra at uthusa vert bevarte og at det som er att av hageanlegget ikkje vert stykka vidare opp og bygd ned med t.d. nye bustadhus. For at hovudbygningen også i framtida skal kunna opplevast som "lyststed", er det vesentleg at han framleis får liggja fritt til og behalda strandlina til Nordåsvannet. Karakteren til anlegget skal oppretthaldast som i dag. Tilbakeføring av hageanlegget til ein meir opphavleg tilstand kan også akseptrast dersom det blir gjort på dokumentert grunnlag.

Fredingsføresegner

Fredingsføresegnene er fastsette med heimel i kulturminnelova § 19, andre ledd. Føresegnene gjeld i tillegg til Kulturminnelova sine føresegner om vedtaksfreda kulturminne frå nyare tid.

1. *Den freda eigedomen kan ikkje delast opp og stykkjast bort. Bortfeste er heller ikkje tillate.*
2. *Det kan ikkje byggjast nye hus eller andre faste anlegg (solplassar, bryggje eller liknande) på eigedomen.*
3. *Det er ikkje tillate å endra landskapet eller vegetasjonen på ein måte som vil forandra preget til hageanlegget. Dette gjeld også omfattande fjerning av tre og buskar og nyplanting av vesentleg karakter.*

4. *Det hage- eller parkmessige preget til eigedomen skal oppretthaldast ved at ein hindrar attgroing og ved at ein supplerer frukttre og andre hagevekstar som døyr ut. Når det vert naudsynt å fornya buskar og tre, skal det nyttast same artar/typar som i dag.*
5. *Tilbakeføring av hageanlegget til ein meir opphavleg tilstand kan likevel gjennomførast dersom det blir gjort på eit sikkert dokumentert grunnlag og etter godkjenning frå kulturminnemyndet.*
6. *Dei freda uthusa kan ikkje rivast heilt eller delvis, og det er ikkje tillate å endra eksteriøret deira utan etter særskilt løyve frå kulturminnestyresmaktene.*
7. *Utskiifting av bygningsselement (vindauge, dører, kledning, andre detaljar) eller materialar, endring av overflater (målingstype, farge) og anna arbeid som går ut over vanleg vedlikehald er ikkje tillate.*
8. *Vedlikehald og reparasjon av uthusa skal skje med same type materialar og handverksteknikk som vart nytta då husa vart bygde, og skal gjennomførast på ein måte som ikkje reduserer den arkitektoniske og kulturhistoriske verdien til bygningane.*

Følgjer av fredinga

Når det gjeld handsaminga av freda område med bygningar og anlegg, viser vi til kulturminnelova §§ 15a –18 og §§ 19 og 21 og fredingsføresegnene ovanfor.

I medhald av Miljøverndepartementet sitt vedtak om delegering av 30. juni 1989 med endringar fastsette i desember 1992, er forvaltninga av freda område, bygningar og anlegg lagt til den einskilde fylkeskommunen. Riksantikvaren er klageinstans for einskildvedtak fatta av fylkeskommunen, jf. forvaltingslova § 28.

Gjennom det såkalla storbyforsøket (forsøk med kommunal oppgåvedifferensiering) har Bergen kommune 1. februar 2004 overteke ansvaret for freda bygningar og anlegg innafor kommunegrensene, jf. tildelingsbrev frå den 12. september 2003. Denne ordninga gjeld for ein forsøksperiode på fire år, fram til 31. desember 2007.

Etter kulturminnelova § 19 kan departementet i særlege tilfelle gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegnene for mindre vesentlege endringar, evt. på visse vilkår. Dette dispensasjonsmyndet er gjennom føresegner frå den 23. desember 1992 delegert til den einskilde fylkeskommunen, og gjennom tildelingsbrevet frå den 12. september 2003 er ansvaret for dispensasjonar i Bergen delegert vidare til Bergen kommune (ved Byantikvaren) fram til den 31. desember 2007.

Fredinga medfører at det må søkjast om løyve til å setja i gang alle typar tiltak som går ut over vanleg vedlikehald. Søknad om løyve/dispensasjon skal (føreBELS fram til 2008) sendast Byantikvaren, som avgjer om tiltaket kan setjast i verk eller ikkje. Dersom det oppstår tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald, skal ein likeeins ta kontakt med Byantikvaren.

For meir informasjon om vedlikehald og forvaltning av freda bygningar og anlegg, viser vi til Riksantikvarens informasjonsblad. Sjå særleg nr. 11.1.1. *Juridiske forhold* – *Å eie et fredet hus*, www.riksantikvaren.no.

Det grunnleggjande prinsippet for vedlikehald av freda bygningar og anlegg er å ta vare på mest mogleg av det opphavlege. Vedlikehald skal så langt som råd er, skje i samsvar med opphavleg utføring, teknikk og materialbruk og elles i samsvar med fredingsføresegnene.

Det er eigaren som har ansvaret for løpande vedlikehald av freda bygningar og anlegg, men det er høve til å søkja kulturminnestyresmaktene om tilskot til vedlikehald og istandsetjingsarbeid. Dersom krav etter kulturminnelova verkar fordyrande på arbeidet, kan det søkjast heilt eller delvis kompensasjon for utgiftsauken.

Bakgrunnen for fredinga

På halvøya i Nordåsvannet der Sophies Minde ligg, er det i dei seinare tiåra bygt fleire bustadhus, eitt av dei med tilkomst gjennom hagen til det freda hovudhuset. Denne utbygginga har redusert det opphavlege hageanlegget til Sophies Minde. Hovudhuset har likevel framleis fri sikt ned til vatnet, og tett vegetasjon langs tomtegrensene gjer at den delen av hageanlegget som høyrer til bnr. 6 og 16 (den noverande tomte til hovudhuset) enno framstår som relativt uforstyrra.

Sophies Minde ligg i eit attraktivt bustadområde som nett har blitt kopla på det offentlege vatn- og avløpssystemet. Det kan bli utbyggingspress på eignedomen også i framtida. I Bergen kommune sitt framlegg til kystsoneplan (framleis ikkje vedteken) er det lagt byggjerestriksjonar på 50-metersbeltet langsmed vatnet rundt heile Kråkenes, men sjølv om denne planen vert vedteken, kan han komma til å bli tilsidesett seinare. Det er nett sendt ut oppstartmelding for ei utbyggingssak på andre sida av neset (også i sona med byggjerestriksjonar).

Fredinga skal sikra at det som er att av hageanlegget til Sophies Minde ikkje blir utbygt, stykka opp eller vesentleg endra på andre måtar.

Eigedomen Sophies Minde – historie og tilstand

Sophies Minde, Kleiven 10, ligg på garden Kråkenes i Fana bydel, Bergen, på sjølv Kråkeneset, som stikk ut i Nordåsvannet. Garden Kråkenes vart rydda kring 1740 og var først husmannsplass under Fjøsanger (no gnr. 16), men vart eigen gard i 1809. Hovudhuset "Sophies Minde" vart truleg bygd av Johan Krefting, som kjøpte garden i 1810. Han var notarius publicus i Bergen, og hovudhuset er bygd som "lyststed". Sophie, som huset har namn etter, var dotter til Krefting. Hovudbygningen vart freda 27.2.1924 etter Lov um bygningsfreding av 1920 og fredinga vart tinglyst 9.12.1924.

Sjølv gardstunet låg like sør-aust for "lyststedet". Dette er borte og erstatta av einbustader. Eigedomen omfatta opphavleg heile den delen av Kråkenes som ligg nord-aust for tunet (før dette vart rive). Rett sør-aust for tunet er den gamle grensa til garden Bønes (gnr. 20). Eigedomane på kvar side av Kleiven 10 er stykte frå i 1960- og 70-åra.

Den noverande tomte som høyrer til Sophies Minde, er breiast øvst ved hovudhuset, gjer ein knekk rundt eignedomen 19/15 og skrår deretter jamt innover ned mot strandlina i austenden av tomte. Bustadhuset ligg øvst på tomte og har hovudinngang på

baksida. Ein hellelagd gang fører frå eigedomsgrensa på baksida og inn til inngangen. Hageanlegget er på framsida av huset, ned mot vatnet. Avgrensinga av fredingsområdet følgjer eigedomsgrensa. Langs langsidedene av eigedomen (mot dei frådelte tomtene i sør og nord) er det for det meste tett vegetasjon av mindre lauvtre som hindrar innsyn. Mot vest bak hovudhuset er eigedomen avgrensa av ein bratt skrent, der det også veks småskog og kratt, og mot aust er det strandline mot Nordåsvannet. Tvers gjennom hageanlegget til Sophies Minde, litt over midten av eigedomen, går ein grusveg som fører ned til nabohuset Kleiven 12. Landskapskråninga ned mot vatnet er trappa av med ein låg bakkemur to stader – på oppsida av gjennomkøyringsvegen og lengre oppe, rett attmed huset.

Huset ligg såleis på eit platå. Dette er dekt med grus (singel), og langs kanten er det eit bed. Nedanfor kanten, og ned til grusvegen, er det anlagt ein "blomehage" som ein kjem ned til via ei lita steintrapp. Denne hagen er omkransa av buskar og fylt med 13-14 ovale bed av ulike storleikar, avgrensa av broten skiferstein. Mellom beda er det restar av fin grus. I beda veks det roser og små buskar. Eigaren, Anne-Margrethe Konow Lund, opplyser at denne delen av hagen er gammal, men ho kjenner ikkje alderen nøyaktig.

Hageanlegget har elles i hovudsak form av ein open "landskapspark" med plen og nokre eldre frukttre, og viltveksande små-tre og buskar, særleg langs kantane. Ved nordenden av huset veks ei stor gran og ein stor ask, som fungerer som "tuntre". Frå denne enden av huset går det ein allé på skrå nord-austover ned til vatnet, gjennom det som no er gnr. 19, bnr. 309, 65 og 310 (naboeigedom, Kleiven 12). Alleen er eit viktig landskapsdrag, men er ikkje i seg sjølv avgjerande for opplevinga av hovudhuset som "lyststed". Avgrensinga av fredingsområdet følgjer difor også her eigedomsgrensa. Frå toppen av alleen / Kjellerloftet går det ein steinsett sti langs kanten av eigedomen ned til vaskehuset/vatnet. Det er to små steintrapper langsmed denne stien, ein i bakkemuren som går langs oppsida av gjennomfartsvegen, og ein nede ved vatnet der det er eit bratt parti. På plenen nedanfor huset er det eit hol eller ein kum som er dekt med finérplater. Dette er eit hol ned til vatn-tilkoplinga til Kleiven 16, naboen i sør, og det stammar frå 60-talet då denne eigedomen vart frådelt.

Kjellerloftet skal vera bygt på slutten av 1800-talet. Huset vart nytta som uthus/lager, men alt på 1940-talet vart det innretta soverom på "lemmen". Arkitekt Frederik Konow Lund (far til noverande eigar) nytta ei tid huset som kontor, og seinare er det blitt nytta som utleigeeining. I 2004 er interiøret blitt endra og oppgradert med utleige for auga, og huset har fått eit lite bad og WC.

Kjellerloftet er eit uthus i halvanna høgd som er samansett av ein solid pussa natursteinsmur / kjellar delvis bygd inn i terrenget, og eit loft eller ein lem oppå, bygd i tre. Taket er tekt med raud teglstein. Gavlane er kledde med lysegrønt enkeltfalsa panel med kvartstaff, medan muren, listverket og vindskiene er kvitmåla. Dørene er grøne (den eine lysegrøn, den andre mørkegrøn).

Huset har fem vindauge og to dører. Den eine døra står midt på gavlen på oppsida. Dette er ei enkel, moderne dør med ståande panel og eit vindauge med 2x3 ruter, ståande format. Den andre døra er ei fyllingsdør med tre speglar, eit stort i midten

i ståande format og små i liggjande format over og under. Denne døra er truleg opphavleg. Dørhandtaket og nøkkelskiltet i jarn (kvitmåla, men rusta) er truleg også opphavlege. Fire av vindauga er små og kvadratiske eitt-fagsvindaug med fire ruter i kvar. To av dei står i gavlen på oppsida, eitt på kvar side inntil døra. Dei er sidehengsla og av eldre dato. Listverket er delvis gammalt med ein enkel staffprofil, og delvis nytt, uprofilert. Dei to andre kvadratiske vindauga står i muren på nedsida av huset. Desse er topphengsla og utan listverk. Det siste vindauget står i gavlen på nedsida. Det er eit stort, rektangulært vindaug i ståande format, med 3x4 ruter. Den midtarste horisontale sprossa er kraftigare enn dei andre, noko som gjev dette vindauget utsjånad av eit "engelsk skyvevindaug" (denne vindaugstypen er nytta i hovudhuset), men dette er sidehengsla og av nyare dato. Frederik Konow Lund skal ha fått dette vindauget sett inn.

Muren treng måling (kalk), tilstanden er elles god.

Vaskehuset – er bygt av Frederik Konow Lund i 1930-åra, etter det eigaren kan opplysa. Vaskehuset har ein stor skorstein, og tidlegare var det ein stor omn inne, der ein sette vaskekjelen og kokte vasken. Omnen er borte no, og huset vert nytta som "lysthus" og badehus. Det er eit lågt hus i éi høgd og har nærmast form av eit saltak sett på ein låg betongsokkel. Sokkelen er kvitmåla, taket er tekt med raud teglstein, og gavlane er kledde med supanel i kraftige dimensjonar, måla i same farge som gavlane til Kjellerloftet. Kjellerloftet har heilt tydeleg vore modellen for Vaskehuset, men ulikt Kjellerloftet har Vaskehuset ikkje vassbord på taket. Takpannene er lagt oppå og felte inn i vindskiene. Vindskier, vassbord, listverk og dør er her lysegrøne, og berre sjølve vindauga er kvitmåla.

Huset har tre vindaug og ei dør. Døra står i gavlen på oppsida. Det er ei enkel labankdør med hengelås. Det eine vindauget står inntil døra (øvre kant i same høgd). Det er eit lite, rektangulært, topphengsla vindaug i liggjande format og utan sprosser. Dei to andre vindauga står i gavlen på nedsida. Dei er også små og sprosselause, men kvadratiske og sidehengsla (stabelhengslar). Både på oppsida og nedsida har vindauga/døra eitt felles vassbord som går over heile breidda til gavlen.

Tilstanden er god.

Jordkjellaren er bygd i gråstein og dekt med torv. Det står eit keramisk "lufteør" støypt fast i toppen. Alderen og historia til kjellaren er ikkje kjend, men med tanke på plasseringa tett ved det gamle tunet, er det ikkje usannsynleg at kjellaren er eldre enn hovudbygningen og hørde til garden Kråkenes før "lyststedet" si tid. Eigaren opplyser at jordkjellaren vart nytta som tilfluktsrom under krigen.

Grunna vatn-innsig vart det lagt dreneringsrøyr i bakkant av jordkjellaren for nokre år sidan. Det renn ikkje lenger vatn inn slik at det vert vått på golvet, men bakveggen er framleis fuktig. Ytterlegare drenering bør vurderast med tida.

Hordaland fylkeskommune si vurdering av kulturminnet – grunngeving for fredinga

Det går fram av kulturminnelova § 19 at departementet kan freda eit område kring eit freda kulturminne så langt det er naudsynt for å sikra verknaden av kulturminnet i miljøet. Mynde til å gjere vedtak om freding er delegert frå Miljøverndepartementet til Riksantikvaren jf. *Forskrift om faglig ansvarsfordeling mv etter kulturminneloven av 9. februar 1979 § 12 nr.1.*

Hagen til Sophies Minde er sterkt redusert i høve til det opphavlege anlegget, men bygningen har framleis fri sikt ned til vatnet og ligg uforstyrta nok til å bli oppfatta som eit landleg "lyststed". Uthusa er historieforteljande og miljøskapande element frå ulike periodar i hovudhuset si historie. Dei er ein viktig del av heilskapen og tydeleggjer bustadhuset sin funksjon som hovudbygning i eit landleg anlegg.

Saksgang og høyringsfråsegner

Eigaren av Sophies Minde, Anne-Margrethe Konow Lund, har i ei årrekkje hatt eit ønskje om å få eigedomen freda for å hindra framtidig utbygging mellom det freda hovudhuset og Nordåsvannet. Ønskjete vart aktualisert i år 2000 då nabolaget vart tilknytt offentleg vatn og kloakk og dermed vart meir utbyggingsvenleg. Konow Lund sende brev til fylkeskommunen i desember 2000 og bad om at det skulle setjast i gang fredingssak for eigedomen. Det tok likevel tid før oppstart av fredingssaka vart meldt, m.a. av kapasitetsgrunnar.

Med brev av 10. januar 2003 varsla Hordaland fylkeskommune i samsvar med lov om kulturminne § 22 nr.1 Bergen kommune, eigaren og naboane om at det var starta opp fredingssak for eigedomen Sophies Minde. Samstundes vart dette kunngjort i Norsk lysningsblad og avisene Bergens Tidende og Bergensavisen.

Eigaren, Anne-Margrethe Konow Lund, kom ikkje med merknader til meldinga. Bergen kommune hadde heller ingen merknader.

Advokat Endre Grande sende på vegne av klienten Thor Kråkenes, eigar av Kleiven 9 (gnr. 19, bnr. 17) ein merknad der hovudbodskapen er at Kråkenes "ikke under noen omstendighet vil akseptere at noen del av hans eiendom skal bli gjenstand for områdefredning etter kulturminneloven".

På eigedomskartet som vart nytta ved oppstartsmeldinga, var ikkje eigedomsgrensa mellom gnr. 19 bnr 6/16 og gnr. 19 bnr. 17 markert. Intensjonen var å freda hageanlegget til Sophies Minde innafor noverande eigedomsgrense, og sidan det var uvisse om grensa mot nord-vest, var avgrensinga av fredingsområdet i denne retninga berre teikna opp førebels. Det viste seg at det varsla fredingsområdet strekte seg inn på bnr. 17. Advokat Endre Grande teikna inn gjeldande eigedomsgrense mellom bnr. 6/16 og 17 på kartet, og i det endelege fredingsframlegget justerte fylkeskommunen avgrensinga av fredingsområdet slik at ho følgjer eigedomsgrensa. Det beltet av gnr. 17 som var med i varselet, ligg på baksida av hovudhuset til Sophies Minde mot vest, nedanfor den bratte skrenten som utgjer eigedomsgrensa, og er ikkje vesentleg for opplevinga av hovudhuset i miljøet.

I medhald av Lov om kulturminne § 22.2, første ledd, bad Hordaland fylkeskommune den 20. desember 2004 Norsk Lysingsblad, Bergens Tidende og Bergensavisen om å kunngjera at framlegg til freding var lagt ut til offentleg ettersyn i Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune. Det vart gjeve ein frist på 6 veker frå kunngjeringsdagen til å uttale seg til framlegget.

Det kom følgjande merknader til fredingsframlegget:

Merknader frå offentlege instansar

Fylkesutvalet handsama saka i møte den 27. april 2005 (sak 87/05) og gav einstemmig følgjande fråsegn:

Fylkesutvalet ser positivt på at eigedomen Sophies Minde etter eigaren sitt ønskje får eit vern som sikrar opplevinga av det freda hovudhuset i miljøet, og stiller seg bak framlegget til freding av hageanlegget til Kleiven 10, gnr. 19, bnr. 6 og 16 i Fyllingsdalen bydel, Bergen kommune.

Private merknader

Advokat Endre Grande uttalte seg på vegne av Thor Kråkenes den 24. januar 2005. I brevet vart det fastslått at fredinga etter justeringa av fredingsområdet ikkje vil gjelda for Kråkenes sin eigedom, og det vart peikt på at det ville vera ein føremon om grensa kunne bli gått opp nøyaktig i samband med fredingssaka. Kråkenes bad dessutan om at nokre store grantre på baksida av hovudhuset til Sophies Minde vert unnateke frå freding då dei kastar skugge på hans eigedom. Det er mogleg at trea står i grensa eller delvis på eigedomen til Kråkenes.

Fylkeskommunen si vurdering av høyringsfråsegnene

Hordaland fylkeskommune såg det også som ein føremon om grensa mellom bnr.6/16 og bnr. 17 kunne bli gått opp snarast slik at avgrensinga av fredingsområdet kunne bli teikna nøyaktig inn på kartet ved slutthandsaming av fredingssaka. Kartforretning vart bestilt hos kommunen, og oppmålinga er gjennomført.

Fylkeskommunen såg ingen grunn til å ta med eit særskilt punkt om grantrea i fredingsframlegget. Dei som eventuelt står på Kråkenes sin eigedom, står han fritt til å fella. Om eigaren av Sophies Minde ønskjer å fella trea som står på hennar eigedom, er opp til henne å vurdere. Dette er eit større inngrep i vegetasjonen som i tilfelle vil krevja dispensasjon frå fredinga, men slik dispensasjon vil bli innvilga i den grad det ikkje er i konflikt med fredingsføremålet. Dette vil rette instans (Byantikvaren) ta stilling til dersom det blir aktuelt, og det vil då eventuelt også vera mogleg å gjera eit utval eller koma fram til ei høveleg erstatning/nyplanting om dette er ønskjeleg.

Etter kulturminnelova § 22.3 skal fredingsframlegg handsamast av kommunestyret før det blir gjort vedtak i saka. Fredingsframlegget og dei innkomne merknadene vart oversend kommunen i brev av 11. mai 2005.

Bystyret si handsaming

Bystyret i Bergen kommune handsama saka i møte 20. februar 2006 (sak 53-06) og fatta einstemmig følgjande vedtak:

Bergen kommune gir sin tilslutning til fredningsforslaget av Sophies Minde, Kleiven 10 gnr. 19, bnr. 6 og bnr.16 slik det fremkommer i skriv datert 20.12.2004 og 11.05.2005 fra Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen konkluderte med at det ved offentlig ettersyn og handsaming i Bystyret i Bergen ikkje hadde kome inn merknader som tilsa at fredningsframlegget burde endrast. Den 17. mars 2006 vart høyringsframlegget frå 20. desember 2004 difor oversendt utan endringar til Riksantikvaren for vedtak.

Riksantikvarens merknader til fredningsframlegget og høyringsfråsegnene


Riksantikvaren sluttar seg fullt ut til dei vurderingane som Hordaland fylkeskommune har gjort i saka.

Klagerett og tinglysing


Riksantikvarens vedtak om freding kan påklagast til Miljøverndepartementet, jf. forvaltingslova § 28. Ein eventuell klage blir å stille til Miljøverndepartementet, men skal sendast Riksantikvaren innan tre veker frå fredingsvedtaket er motteke.

Fredingsvedtaket vil bli tinglyst av Riksantikvaren i samsvar med lov om kulturminne § 22 nr. 5.

Beste helsing



Nils Marstein
riksantikvar



for Unni Grønn

- Gjenpart: - Miljøverndepartementet
 - Hordaland fylkeskommune
 - Bergen kommune
 - Byantikvaren i Bergen
 - Fortidsminneforeningen, avd. Hordaland, Klostergaten 28, 5005 Bergen
 - Advokatfirma Thommessen Krefting Greve Lund AS
 v/ Endre Grande, Postboks 1970 Nordnes, 5817 Bergen
 - Thor Kråkenes, Bygdøy allé 115 B, 0273 Oslo